

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 14.11.2005
 Sakbehandlar: Hans Stenby og Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: **Utbygging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen HF - forprosjekt**

Styresak 103/05 B

Styremøte 23.11. 2005

Bakgrunn

Styret i Helse Vest behandla i møte den 6/9-2005 sak 77/05 B utbygging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen. Saka blei behandla med basis i gjennomført konseptfase. Styret fatta følgjande vedtak:

1. Styret godkjenner vidare planlegging av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen basert på gjennomført konseptfase
2. Styret legg til grunn at prosjektet blir vidareført til forprosjekt innafor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjør:
 - a. Investeringskostnad inkludert byggjelånsrente på kr 700 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 18,1 mill
3. Det tas sikte på at forprosjektet blir lagt fram til behandling i styret i oktober 2005
4. Ekstern kvalitetssikring skal være gjennomført før ny behandling i Helse Vest sitt styre
5. Styret føresett vidare at Helse Bergen HF klarar å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda også etter bygging av nytt laboratoriebygg.

Helse Bergen har no ført prosjektet fram til forprosjekt. Prosjektet ble behandla av styret i Helse Bergen den 16/11-2005. Styret fatta følgjande vedtak:

- 1) Styret godkjenner og tar ansvar for prosjektet, og tilrår at det vert realisert i samsvar med planane slik det går fram av framlagt forprosjekt, og som også samsvarar med gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet.
- 2) Styret oversender saka til Helse Vest for endeleg godkjenning

Denne saka bygger i stor grad på sak 077/05 B og vil hovudsakeleg dreie seg om endringar eller presiseringar som følgje av at ein no har gjennomført forprosjektet.

Kommentarar

I medhald av gjeldande investeringsprosedyre skal styret i samband med gjennomført forprosjekt vurdere prosjektet i høve til:

- Prosjektets plassering i ein heilskapleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling
- Dimensjonerande føresetnader, funksjonar, driftsformar og organisering, aktivitets- og produksjonsdata
- Samla investerings-/lønsamheitsanalyse

For investeringar over kr 500 mill skal det i protokollen til styrevedtaket bekreftast at det er gjennomført ekstern kvalitetssikring.

Prosjektet si plassering i ein heilskapeleg regional oppgåve- og funksjonsfordeling

Nytt laboratoriebygg ved Haukeland universitetssjukehus inngår i ein samla utbyggingsplan for sjukehuset. Utbyggingsforslaget må vurderast i ein slik heilskapeleg samanheng.

Utbyggingsplanen medfører at ein bygger opp sentra rundt sentralblokka som og gjer det mogeleg å flytta ut verksemd frå sentralblokka som ikkje treng vere her, og oppgradere frigjort areal til kliniske kjernefunksjonar.

Nytt laboratoriebygg er første steg i denne utbyggingsplanen. Den planlagde aktiviteten i bygget er ei vidareføring av dei oppgåvene som laboratoria allereie har ansvar for.

Prosjektet vil såleis ikkje ha følgjer for funksjons- og oppgåvedeling i regionen som heilskap.

Dimensjonerande føresetnader, funksjoner, driftsformer og organisering, aktivitets- og produksjonsdata

Nybygget vil gje plass til alle dei medisinske laboratoria ved sjukehuset med unnatak av avdeling for patologi. Det gjeld mellom anna:

- Blodbanken
- Spesiallaboratorier for immunologi og transfusjonsmedisin
- Spesiallaboratorier for medisinsk genetikk og molekylærmedisin
- Spesiallaboratorier for mikrobiologi
- Spesiallaboratorier for medisinsk biokjemi, hormonanalysar og klinisk farmakologi
- Diverse fellesfunksjonar

Nybygget skal også gi plass til lokale for laboratoriefunksjonar som er knytt til Universitetet i Bergen. Det gjeld:

- Ulike spesiallaboratorier og stipendiatareal
- Areal knytt til kirurgisk fag, indremedisin og odontologi og
- Gades institutt med avd. for mikrobiologi og immunologi, inkl. Broegelsmanns forskingslaboratorium og senter for virologisk forskning

Dette vil til saman skape et sterkt laboratoriefaglig miljø. Bygget blir og sentralt plassert i forhold til BBB-bygget (Universitet i Bergen sitt bygg for biologiske basalfag).

Det blei i samband med bygging av BBB-bygget bygd to parkeringsetasjar på tomte for det nye laboratoriebygget (under bakkenivå).

Tidligare behandling av saka var basert på skisseprosjekt. I forprosjektet er arealet auka med 2000 m² brutto. Det skyldes at ein har valt å legge ein messaninetasje på ein del av 1. etasje samt at ein bygger den øvste etasjen, 9. etasje, heilt ut.

Dette gir eit samla nettoareal på 13.200 m². Bruttoarealet er på 23.000 m². Det gir ein brutto/netto-faktor på 1.74.

Ca 6000 m² av nettoarealet skal nyttast av sjukehuset og ca 4200 m² av Universitetet i Bergen. Fellesareal og tilleggsfunksjonar utgjer ca 2000 m². Utleigeareal utgjer vidare ca 500 m². Det er i tillegg ca 460 m² areal som er disponibelt for utleige.

Aktiviteten i det nye laboratoriebygget vil i hovudsak vere ei vidareføring av dagens drift. Lokalisering i eit felles bygg gjer likevel synergieffektar mellom laboratoria både i høve til personell, utstyr og bruk av areal. Lokala vil og romme auka aktivitet dersom utviklinga gir grunnlag for det.

Samla investerings-/lønnsemdanalyse

Sjølv om arealet i forprosjektet er auka med ca 2000 m² er kostnadsramma ikkje endra. Den samla investeringa er med basis i eit ferdig bygg i 2009/2010 estimert til kr 700 mill inkludert byggjelåntrenter og prisjustering. Dette er heilt i samsvar med kalkylen som blei lagt etter gjennomført konseptfase og som vart sett som ramme i tidligare styresak. Det er ikkje tatt med laust brukarutstyr i kalkylen. Det er ein føresetnad at slikt utstyr enten vert flytta over frå noverande lokale, eller vert innarbeid i dei ordinære utstyrsbudsjetta i åra fram mot innflytting.

I samsvar med investeringsprosedyren skal det for investeringar over kr 500 mill gjennomførast ekstern kvalitetssikring. AS Bygganalyse har gjort ei uavhengig analyse av prosjektet gjennom etterkontroll av grunnlaget for kostnadsramma og dei styringsmessige utfordringane i prosjektet.

Forventa kostnad for prosjektet er av AS Bygganalyse vurdert til 705 mill. kr Av dette utgjør 99 mill. kr reserver og marginar. Sikkerheitsnivået er 85 %. Det er ikkje negative merknader til prosjektet.

Det er eit mindre avvik frå kostnadsramma (under ein prosent) men i hovudsak bekreftar den eksterne kvalitetssikringa tidlegare kostnadsramme.

Investeringa må løftast av Helse Bergen innafor gjeldande driftsramme og finansierast gjennom opptak av byggjelån hos staten. Helse Bergen har fått tildelt kr 48 mill til oppstart av prosjektet, jf styresak 80/05 B. Samla utbetaling til investering i plan- og byggjeperioden vil bli som følgjer (tal i mill kroner):

2003-2005	kr 16
2006	kr 183
2007	kr 234
2008	<u>kr 267</u>
	<u>kr 700</u>

Tildeling av lån til Helse Vest blir gitt over statsbudsjettet for eit år av gangen. Helse Vest vil måtte prioritere lånemidlane til dette prosjektet (samt MOBA ved Helse Stavanger) for å sikre gjennomføringa av prosjektet.

Dei driftsøkonomiske konsekvensane er kalkulerte med utgangspunkt i forventa situasjon i 2009/2010, som er det første året i full drift. Dei økonomiske utrekningane blei gjort under sak 75/05 B og byggjer på følgjande føresetnad:

- Avskrivningar på investeringskapital er 60 år på bygg og 25 år på tekniske anlegg
- Kalkulert årleg lønnsvekst 4 %
- Lånerente stat 3%
- Kalkulert årleg prisstigning 2 %
- Husleige for utleigd areal til Universitetet i Bergen er satt til 8 % av investert kapital
- Husleige for utleigd areal til andre eksterne leigetakarar er satt til kr 2.000,- pr. m² pr år (antatt marknadspris i 2010)

Dei driftsøkonomiske konsekvensane ved gjennomføring av prosjektet vil første året i drift utgjere følgjande:

Auka kapitalkostnad (1000 kroner)	
Avskrivingar på bygg og utstyr	kr 18.140
Renter på byggjelån (fullfinansiert)	<u>21.000</u>
Sum	kr 39.140
Reduserte driftsutgifter/auka driftsinntekter:	
Synergi personalutgifter	kr 6.800
Synergi utstyr	2.300
Auka husleigeinntekter frå universitetet	6.270
Husleigeinntekter andre eksterne leigetakarar	1.700
Netto auka forskingsinntekter	<u>3.700</u>
Sum	kr 20.770
Netto kostnadsauke første året med drift (2010)	<u>kr 18.370</u>

Då prosjektet blei lagt fram til behandling etter gjennomført konseptfase under sak 075/05 B blei det understreka at denne kostnadsauken må sjåast i samanheng med auka kapasitetsbehov og forventning om auka produksjon av helsetenester. Vi viser her til nærare omtale under nemnde sak.

Helse Bergen må her finne tiltak og effektivisere drifta slik at ein klarer å innfri krav om balanse for den samla verksemda og etter utbygging av nytt laboratoriebygg.

Helse Bergen må prioritere og gjennomføre dei samla investeringsprosjekta innafor følgjande midlar:

- avskrivingsmidlar i basisramma
- lån til investeringar (kr 48 mill i 2005, tildeling 2006 avklarast i januar)
- bruk/omprioritering av midlar i basisramma til å dekkje investeringar
- omprioritering/forskyving av andre prosjekter
- kortsiktig kan ein nytte driftskreditt viss låneramma eit år skulle bli lågare enn føreset

Dei lånemidlane som blir tildelt Helse Vest i 2006 og etterfølgjande år vil mellom anna måtte prioriterast til bygging av nytt laboratoriebygg ved Helse Bergen. Det er likevel nødvendig at Helse Bergen tar omsyn til denne usikkerheita og legg inn muligheit for omprioritering/forskyving av andre prosjekt for å sikra at framdrifta i laboratoriebygget vert oppretthalde.

Forslag til vedtak

1. Styret godkjenner oppstart av nytt laboratoriebygg i Helse Bergen basert på gjennomført forprosjekt
2. Styret legg til grunn at prosjektet blir gjennomført innafor dei investerings- og driftskalkylar som ligg føre i saka. Dette utgjer:
 - a. Investeringskostnad inkludert byggjelånsrente på kr 700 mill
 - b. Auka netto driftskostnad pr år på kr 18.1 mill frå 1. driftsår
3. Det er gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet.
4. Styret føreset vidare at Helse Bergen HF klarar å innfri kravet om resultat i balanse for den samla verksemda også etter bygging av nytt laboratoriebygg.

